

# Innkalling til styremøte



**Sted:** Kjellarstoga Dølehalli  
**Tid:** Torsdag 31. januar 2019 Kl.: 19:00 – 20:30  
**Til:** Geir Notodden, leiar  
Aksel Andersen, medlem  
Björg Nordlien, medlem  
Kåre Slåtta, medlem  
Hege Bjåland, medlem.  
Solveig Jamgrav, rekneskapsførar

**Kopi til:** Astrid Åmot, varamedlem  
Terje Nilsen Haugen, varamedlem  
Nunnun Gjersund, varamedlem  
Ottar Gjersund, varamedlem

*Varamedlemmer vert innkalla til alle styremøte og mottek alle referat. Desse har ikkje møteplikt eller stemmerett forutan når dei stiller for ein namngitt fast representant. Dersom du som medlem må melde forfall til styremøtet, så er det ditt ansvar at ein av varamedlemmane møter i ditt namn.*

**Sak 1/18**      **Rekneskap**  
Solveig legg kort fram hovudtala i rekneskapen for 2018

**Sak 4/18**      **Skolebygget**  
Styreleiar presenterar eit budsjett for utbetring av dei ulike romma. Me må samens teke stilling til kva som skal gjerast og rekkefylgja på arbeidet.

**Sak 10/18**      **Sceneoppgradering**  
Styreleiar legg fram eit kostnadsbilete som visar kva som bør gjerast og likeins eit forslag til finansiering.

**Sak 1/19**      **Påskelotteri**  
Mari Gjersund foreslår at me bakar nokon kaker som loddast ut på bui. Det er stor trafikk på bui fredag eller laurdag før palmesundag. Fleire må bidra med å baka og me må få løyve av bui å sitja ved det eine kafébordet ein dag.

**Sak 2/19**      **Budsjett 2019**  
Med bakgrunn i dei opplysningane som Solveig presenterar må me setja upp eit budsjett for 2019. Det er viktig av kvar enkelt kjem upp med gode forslag både til inntekter og korleis me skal nytta dei midlane me rår over. Ikkje minst treng me gode idear for å auke innteninga.

**Sak 3/19**      **Styrets beretning**  
Styreleiar legg fram eit forslag til styrets beretning for 2018. Dette sendast ut på eige e-post så snart det er ferdig og i god tid før styremøte. Hugs at me alle skal stå inne for detta, så tak dikkon god tid til å lesa med kritiske auge.

**Sak 4/19**      **Årsmøte**  
Årsmøte må planleggast og me må sjå kva som skal vektleggast for presentasjon for 2018. Me må også vera godt førebudde på spørsmål frå Morgedølane om drift og vidare planar.

*Møt godt førebudde slik at me ikkje gjeng over den fastsette tida.  
Helsing Geir*